



Lindås Senterbygg As
Kanalvegen 4
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/576

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2017

Førehandsvarsel om pålegg om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa Lindås - gbnr 108/621 - Lindås

Saka gjeld:

Teknisk drift, VVA, syner til tidlegare korrespondanse vedkomande krav om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter.

Etter felles møte (28.10.2015) på Rådhuset i Knarvik vart det opplyst frå Dykk, i e-post av 12.11.2015, at Lindås Senter har vore i kontakt med Lindås VVS vedkomade prosjektering av anlegg ved Mama Rosa. Etter denne e-posten har Teknisk drift, VVA, ikkje hørt meir vedkomande prosjektering/installasering av utskiljaranlegg ved Mama Rosa.

I møte vart Lindås senter og Teknisk drift, VVA, eining i at kommunen skulle gje senteret rimelig tid på å få på plass anlegg. Det har no gått over eit år utan at kommunen har motteke registreringsmelding til godkjenning for utskiljaranlegg ved Mama Rosa.

Eigar eller den ansvarlege sine plikter:

Lindås senter er abonnent på avlaupstenester i Lindås kommune. Som abonnent på kommunale avlaupstenester, er Lindås senter òg ansvarleg for å få på plass lovpålagt utstyr slik at fett ikkje vert ført ut på kommunalteknisk anlegg. Fett påfører kommunen sine anlegg store skader og medfører at kommunen får aukte drifts og vedlikehaldskostnader. I tillegg vil fett føre til aukt fare for tilbakeslag i bygg frå både privat og kommunalt leidningsnett. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike tilbakeslag. Kostnader i samband med slike hendingar er huseigar sitt ansvar.

Mama Rosa er ei verksemd som fell inn under dei verksemdar som er lovpålagt å ha fettutskiljaranlegg (jf. forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Størrelse på anlegg vert bestemt ut i frå produksjonen ved verksemda. I forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune, har kommunen sett krav til minste tilletne størrelse på anlegg (NS 4). Denne størrelsen vert godkjent dersom berekningsgrunnlag tilseier at dette er forsvarleg.



Anleggseigar har ansvar for ettersyn, tømning og vedlikehald av utskiljaranlegg som er knytt på kommunal-teknisk anlegg iht til gjeldande forskrifter, utslippsløyver og øvrige vilkår som er satt. Anleggseigar skal kvart år sende inn ei årsrapport for anlegget. Føremål med årsrapporta er at anleggseigar skal dokumentere forsvarleg drift og vedlikehald av anlegg, samt vise at anlegg tilfredsstillar krav ut utlipp av fetthaldig avlaupsvatn.

Teknisk drift, VVA, gir med dette eit **førehandsvarsel om pålegg** om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter.

Frist:

Teknisk drift sett ei frist til **måndag 13.02.2017** for å gje ei tilbakemelding på status med å få på plass utskiljaranlegg Mama Rosa i Lindås senter. Dersom kommunen ikkje har motteke ei tilbakemelding innan gitte frist, vil kommunen fatte vedtak om pålegg om installering av slikt anlegg. I dette vedtaket vil det verte sett ei endeleg frist for når anlegg skal være på plass.

Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift gir førehandsvarsel om pålegg om å få på plass utskiljaranlegg ved Mama Rosa på Lindås senter.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar vatn og avløp
Einingsleiar Teknisk drift

Mottakarar:

Lindås Senterbygg As

Kanalvegen 4

5955

LINDÅS